



Arkivsaknr: 2024/196-1
Sakshandsamar: Beathe-Christin Ekhall
Stentvedt
Avdeling: Støtte og digitalisering

SAKSFRAMLEGG

Revidering av forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Aurland kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Arbeidsutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å legge arbeidsutvalet sitt framlegg til «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Aurland kommune» ut på høyring.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

I medhald av kommunelova skal kommunestyret gi forskrift om folkevalde sin rett til dekking av utgifter og økonomisk tap (§ 8-3), arbeidsgodtgjersle (§ 8-4) og ettergodtgjersle (§ 8-6).

Forvaltningslova kapittel VII gjeld for forskrifter. Kapitelet inneheld reglar om utgreiingsplikt, førehandsvarsling og uttalar frå interesserte (§ 37), om formkrav og kunngjering (§ 38), om verknaden av forsømt kunngjering (§ 39) og om høve til å fråvike forskrifter (§ 40).

Saksopplysningar

Kommunestyret vedtok i møte 02.11.2023 å sette ned eit arbeidsutval med formål å gå gjennom delegeringsreglementet, forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Aurland og reglement for politiske organ.

Kjell Bøe Bjørgum (Ap) (leiar i utvalet)

Therese Turlid (Ap)

Monica Finden (H)

Unni Underdal (MDG)
David Underdal (Sp)
Terje Horvei (V)

Formålet med gjennomgangen var å:

- å sikre god politisk styring,
- god samhandling mellom politikk og administrasjon,
- rask, effektiv og trygg handsaming av saker for innbyggjarane i kommunen.
- auke kunnskap

Arbeidsutvalet har mellom anna gjort desse vurderingane:

- Fast godtgjersle til ordførar og varaordførar er auka.
- Alle typar godtgjersle er kobla mot ordførargodtgjersla. Dette gir god harmonisering og enkel automatikk ved indeksjustering av satsane. Det medfører også ei auke i godtgjersle for alle verv.
- Maksimumsgrensa for tapt arbeidsforteneste og vederlag for dokumentert inntektstap er fjerna.

Arbeidsutvalet legg no fram sitt framlegg til forskrift for folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Aurland kommune for innspel før forskrifta vert lagt ut på høyring.

Høyringsperioden for forskrifta vert sett til 14 dagar og deretter vert forskrifta lagt fram for endeleg handsaming og avgjerd i kommunestyret 21. mars 2024.

Sakshistorikk

Forskrift for folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Aurland kommune vart første gong vedteke i kommunestyret den 13.02.2020 sak KS-011/20 og trådte i kraft 18.02.2020. Forskrifta er justert 16.12.2021 og 09.02.2023.

Vurdering

Forskrifta skal leggje til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle, uavhengig av sosial, økonomi og arbeidssituasjon, å delta i lokalpolitikken.

Økonomiske konsekvensar

Dei nye satsane vil gi ei auke i kostnadar.

Vedlegg

- 1 Folkevalde sine godtgjersle - satsar
- 2 Framlegg til høyring - Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode Aurland kommune Vestland 2024